



Dei Kreative har samlinga på tysdag på Rosendal Motel

Maren og Arne Martin Guddal overtok Rosendal Motell på forsommaren, og dei er i ferd med gjera huset til ein plass med varierte og spennande aktivitetar. Arne Martin har flytta rammeverkstaden sin dit. I tillegg har no keramikaren Espen Haagaas Attramadal verkstad og utstilling der.

I tillegg er det ein del andre aktivitetar i huset. Såleis vert samlinga for Dei Kreative tysdag denne veka lagt dit, og i samband med det har vi fått følgjande melding frå Nelly Kjærland:

På tysdag har vi samling med Dei Kreative. Denne gongen skal vi til Rosendal på Motellet til Maren og Arne Martin Guddal Huseby. Kunstnaren Espen Haagaas Attramadal vil vere med og instruere oss, når vi skal lage noko i leire.

Dei som vil vere med frå Uskedalen og ikkje har bil sjølve, møter ut forbi Uskedalen Bedehus kl 16.30. Så kjører vi saman til Rosendal.

Samlinga på Motellet er frå kl 17 - 18.30. VELKOMEN!

Nett: Thor Inge Døssland